



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2404 - 18/5542

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.02.2018

Stadfesting på mottatt klage på dispensasjon og vurdering av utsett iverksetjing - gbnr 64/1 Myksvoll

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 64/1

Tiltakshavar:

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på vedtak om dispensasjon den 19.02.2018.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen vert handsama av Plan- og miljøutvalet. Nærare informasjon om møtetidspunkt vert gitt seinare. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum.

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Dersom vedtaket vert oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om at vedtaket om dispensasjon vert gitt utsett iverksetjing inntil klagesaka er avgjort. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uopretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel for frådelling av ny bustadtomt på gbnr 64/1. Det ligg føre søknad om utsleppsløyve og søknad om frådelling etter plan- og byningslova som ikkje er handsama i påvente av at dispensasjonssøknaden skal verta avgjort.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetjing av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama søknaden om deling før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort då ei eventuell omgjerding av dispensasjonsvedtaket som no ligg føre vil føra til at eit vedtak om deling også vil måtte omgjerast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetjing får liten konsekvens for tiltakshavar. Det vert gjeve utsett iverksetjing av vedtaket om dispensasjon fatta av Plan- og miljøutvalet den 24.01.2018 i sak 010/18 inntil klagesaka er avgjort.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hilmar Andersen
Jorunn Andersen

Titlandsvegen 32 5912
Titlandsvegen 32 5912

SEIM
SEIM

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

Bergen